



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Att.: Liv Vågslid

Ny del II til lærerplanverket for Kunnskapsløftet - oppsummering av høyringsuttaler – Telemark fylke

Fylkesmannen i Telemark har fått to uttaler til oppsummering. Vedlagt følger disse uavkorta, då vi meiner dei utfyllar kvarandre.

Seljord kommune er positiv til at utkast til Prinsipp og rammer for opplæringa blir tatt inn som ein del av det samla læreplanverket. Tillegget vil vere eit prinsipielt viktig supplement då det omhandlar sentrale sider ved opplæringa, som ikkje blir godt nok ivaretatt i den mellombelse utgåva av læreplanen for Kunnskapsløftet.

Den mellombelse læreplanen har ei klar fagsentrering. Tillegget som Prinsipp for opplæringa representerer, er med på å skape ein nødvendig heilskap i opplæringa som ivaretar alle sider ved utviklinga til eleven.

I utkastet er det sagt at prinsippa er med på å gjere tydeleg skuleeigar sitt ansvar for ei opplæring som er i samsvar med regelverket og som er tilpassa lokale og individuelle føresetnader og behov.

Skal dette kunne realiserast på eit tilfredstillande måte, må nødvendige rammefaktorar også leggjast til rette. Vi tenkjer då på formelle rammer gjennom lov og regelverk, styringssystem og organisatorisk tilrettelegging, og ikkje minst rammevilkår som går på økonomiske og ressursmessige føresetnader.

Det er svært positivt at sosial og kulturell kompetanse blir løfta fram i Prinsipp for opplæringa. Det understrekar det som er sagt ovanfor om heilskap i opplæringa.

For det første så utgjør utvikling av denne kompetansen ein hovuddel av totalutviklinga til eleven. Vidare så snakkar vi om eit fundamentalt grunnlag for livskvalitet hos den enkelte, og ikkje minst for samfunnet samla sett.

Ein avgjerande føresetnad for all læring er motivasjon. Læringsstrategiane peikar på metodar for å realisere læring. Om desse ikkje er med som element i ein læreplan, så vil det vere ein fundamental mangel. Det er difor viktig at dette blir tatt med i Prinsipp for opplæringa.

Elevmedverknad er ein naturleg måte å realisere eleven si deltaking både i læreprosessen og i tilrettelegging av rammevilkåra. I tillegg vil elevmedverknaden i skulesamanheng vere ei førebuing til deltaking i samfunnslivet. Ikkje minst sett i lys av den skandinaviske tradisjonen, så er det naturleg at punktet om elevmedverknad blir ein del av Prinsipp for opplæringa.

Endeleg så vil vi understreke kor fundamentalt viktig det er at det grunnleggjande prinsippet for all opplæring, Tilpassa opplæring, blir tatt inn i Prinsipp for opplæringa.

Dette primært fordi Tilpassa opplæring ikkje er noko vi skal gjere i skulen i tillegg til andre oppgåver, men det er det vi skal gjennomføre.

Frå høyringsinstans II i Telemark, Nissedal kommune

I det store og heile meiner me det er veldig mykje bra i utkastet til prinsipp for opplæringa. Utfordringa meiner me ligg i at det kan hende blir litt vel idealistisk. Om det er mogleg å få dette til, gjenstår å sjå.

Der me meiner det er størst grunn til å stille spørsmål, er ved emnet "læringsstrategiar". Kva forhold har eigentleg elevane til læringsmåla? Det er krevjande å presentere læringsmåla til elevar og foreldre slik at dei forstår dei og kva som er hensikta med dei. Og enda vanskelegare vil det bli å få den einskilde eleven til bevisst å bruke og utvikle egne læringsstrategiar. Dette vil krevje mykje av den einskilde læraren!

Me er på ingen måte imot dette som idealistiske ynskje for framtida. Det er sunt at elevane så tidleg som mogleg får ein bevisst haldning til si eiga læring. Men me ser òg at lærarane truleg må tilførast mykje kompetanse på dette området før det kan setjast i verk. Me signaliserar dermed eit behov for auka midlar for å innføre dette prinsippet i grunnskulen.

Med hilsen

(signatur)
Seniorrådgiver

(signatur)
Konsulent